



# Kviteseid misjonskyrkje

## MISJONSKIRKEN NORGE

### Referat frå styremøte onsdag 6. november 2019 kl 18.30

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Nils Arne Grutle (2019-2020) (Vara for Sigrun L. Solvang)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Mari Songe (2018-2019)

#### **Mari opna med å lese frå Salme 93 om Herrens store herlegdom**

Sak 33/19: [Godkjenning av referat frå styremøtet 28. august 2019](#)

Referatet vart godkjend utan merknader.

Sak 34/19: [Orientering og utfordring frå fredagsklubben ved Kamilla Minde.](#)

Kamilla Minde går ut i svangerskapspermisjon no snart. Hennar vikar, Martine Draugedalen, skal ikkje bidra så mykje inn mot fredagsklubben. Ingunn D. Birkeland skal dermed ta meir ansvar for organiseringa av fredagsklubben (igjen). Fredheim lurar på om vi på Betel kan ta over ansvaret for matlistene?

Ho informerer også om at på vår felles konto for Fredagsklubben står pr dags dato kr 15 000, samt at det i tillegg snart kjem kr 10 000 i frifondmidlar. Truleg også kulturmidlar frå kommunen.

Fredagsklubben ynskjer seg også litt fleire vaksenleiarar som kan vere med fast, for slik det er no er det litt sårbart.

Vi drøfta også om ungdommane sjølv kunne vore meir med i arbeidet med rydding osv ved å vere med på team.

**Vedtak:** Betel tek på seg ansvaret for taco-vaktene. Ane snakkar med Elin Lid eller Gunnhild Moen om dei kan tenkje seg dette på vegne av Betel.

Sak 35/19: [Evaluere Ansgar-helga](#)

*Konserten:* Flott konsert! Fin song og andakt. 80-100 mnsk. Mest Kvitsund-folk, men også ein del frå bygda.

*Lovsangskvelden:* Det kom ca 25 stk pluss dei 14 som deltok. Det vart ein fin kveld kor det var godt å vere! Fint med måltid etterpå.

*0-100:* Lovsangsgruppa fungerte godt her også!

Betel betaler ca 7000 kr til Kvitsund for mat og losji av lovsangsgruppa, samt for to måltid til ca 85 kormedlemmar.

**Vedtak:** Vi er godt nøgde med helga, og det var verdt jobben det var å organisere det heile. Åsbjørg snakkar med rektor på Kvitsund om Kvitsund er positive til å gjere noko likande neste år. Det vil i tilfelle vere lurt å legge dette til ei helg med fredagsklubb.

### Sak 36/19: [Levande-tru-seminar med Linda Andernach Johannessen](#)

Heile arrangementet blir søndag 2. februar. Først felles familiemøte, deretter seminar for foreldre 1,5 timar, og ein liten bolk for leiarar i menighetane. Tidsramme: Kl 13-16. Vi bruker Misjonshuset til heile arrangementet.

#### **Vidare planlegging:**

Ane snakkar med fellesmøtekomiteen om korleis organisere maten mellom familiemøtet og seminaret.

Betel må ordne kaffi og frukt til sjølve seminaret.

Annonsering: Åsbjørg ordnar plakater til alle menighetane og mail til desse no før jul. Mari ordnar med «Kva skjer» samt vanleg annonse.

Leie: Ane ønsker velkomen og takkar etterpå osv.

Ane snakkar med Svein Foldøy om bruken av misjonshuset. Vi kan ta litt «kaffiepengar» for å dekke utgifter til mat / leige av misjonshuset.

### Sak 37/19: [Vårhalvåret som kjem](#)

Sundagstreffkomiteen ønsker innspel frå styret før dei skal planlegge vårhalvåret. Det er til dels dårleg oppmøte på sundagstreffa. Styret fekk ein viktig samtale kring arbeidet vårt. Her er nokre moment:

- Fleire kjenner på at det er dumt å vere så mange kyrkjer på slik ein liten stad.
- Fleire deltek på møter i andre kyrkjer og opplever god forkynning som dei skulle ønske fleire på Betel fekk ta del i.
- Vi bør i endå raskare tempo gjere sundagstreffa våre mindre småbarnsfokuserte.
- Fleire gjev uttrykk for at sundagstreffa kan bli for lange. Vi kan gjerne ha fleire møte med kun ein andakt.
- Fleire gjev uttrykk for at det er i overkant mykje ansvar på kvar når vi er så få. Samstundes gjev fleire uttrykk for at det å delta i arbeidet gjev mykje oppbygging og inspirasjon.
- Vi drøfta den radikale tanken å legge ned arbeidet vårt eit halvår for å sjå kva som blir borte dersom vi legg arbeidet brakk. Vil vi sakne noko? Kva ville vi sakne? Åsbjørg og Ane lager utkast til skriv til menigheten om dette, og drøfter dette skrivet med styret pr e-post.
- Det har kome forslag frå (i alle fall ein) ungdom å starte bibelgruppe eller Alpha-kurs for ungdommane. Åsbjørg og Ane snakkar vidare om dette

**Viktige datoar:**

Neste styremøte: 7. januar kl 18.30. Åsbjørg skriv utkast til årsmelding før dette. Vi drøfter denne i dette møtet.

Dato for årsmøte: 9. februar kl 17.00. Vi dropper pizzaen dette året.

Åsbjørg og Mari minner Oddvar og Anders på at dei er i valkomiteen.

**Sak 38/19: Brev frå Misjonskirken UNG – gje minst 1% årleg til UNG**

Vi ser utfordra av Misjonskirken UNG å gje minst 1 % av inntektene våre til det viktige arbeidet UNG driv. Sjå vedlagt brev i eiga fil.

**Vedtak:** Vi gir alt 6000,- pr år (500,- pr mnd) og dette tilsvarer ganske mykje meir enn 1 %. Åsbjørg svarer på brevet.

**Sak 39/19: Kviteseid Misjonskyrkje på nettet**

Kva kanalar blir nytta?

Facebook vs Instagram?

Kan vi i styret få kurs av Olav i betre utnytting av nettsida vår?

**Vedtak:** Denne saka vart utsett pga dårleg tid.

**Sak 40/19: Meir lys i kjellarlokala våre?**

Utfordrande for strikkekafeen med panelveggar og noko dempa belysning.

**Vedtak:** Øystein og Anders sjekker lyspærer og eventuelle ekstra-lamper.

**Sak 41/19: Orienteringar**

- Jobben med å få på plass ei løysing for faste gåver via avtalegiro er i gang, men det tek tid pga mykje korrespondanse fram og tilbake mellom Cornerstone og oss.
- Vi må starte på jobben med å spørje kasserar for neste år. Vi vil sjølvstøtt spørje Magnus, men han har gjeve signal om at han vil ut av jobben.

**Sak 42/19: Eventuelt**

Skal vi behalde eller avvikle «Levande-tru-biblioteket»?

**Vedtak:** Saka vart utsett pga dårleg tid.

Neste styremøte blir 7. januar kl 18.30. Øystein har mat og opning.

*Åsbjørg Hægeland, sekretær*